

Emnerapport

SAS13 Norwegian Culture and History

Semester: haust 2013

Emneansvarleg: Eyvind Urkedal York

Andre lærarar på emnet: Geir Atle Ersland, Eldbjørg Haug, Arne Solli, Svein Ivar Angell, Pål Thonstad Sandvik, Rolf Hobson, Hans-Jakob Ågotnes, Dunja Blazevic.

Undervisningsopplegg:

Undervisninga i SAS13 dette semesteret bestod av ei forelesingsrekke med i alt 14 forelesningar, to kvar veke, utanom dei vekene studentane skreiv oppgåve. Dette semesteret var det første kor studentane i staden for å skrive ein sekstimarseksamen skulle levere inn tre oppgåver i løpet av semesteret, og få kommentarar på desse av emneansvarleg, og få høve til å revidere tekstane til siste innlevering. I starten av semesteret vart det arrangert ein ekskursjon til Bryggen Museum, Håkonshallen og Rosenkrantztårnet, som fungerte godt i ekte Bergensvêr.

I samband med mappeoppgåvene som studentane skulle skrive vart det halde oppgåveseminar, kor oppgåvetekstane vart gjennomgått av emneansvarleg og kor studentane fekk gå saman og diskutere oppgåvene. Dette meiner eg var ein vellykka måte å gjere det på, sjølv om det ikkje alltid var like enkelt å få alle studentane aktivt engasjert, og det var kanskje om lag halvparten av dei oppmelde studentane som møtte opp på seminara. Men inntrykket mitt er at dei studentane som møtte opp på desse oppgåveseminara – som ikkje var obligatoriske – fekk god nytte av desse, og at det fungerte godt. I evalueringa av emnet trekte to av dei tre studentane som svarte på spørsmålet om kva som var særleg positivt med emnet nettopp denne eksamensforma og oppgåveseminara.

I løpet av semesteret vart det litt omrokking på forelesningane grunna misforståingar og rot av emneansvarleg, noko som er uheldig, men det løyste seg til slutt.

Pensum:

Pensum bestod av ei lærebok i historie på engelsk, som var hovudpensum gjennom store delar av emnet og som dekkjer heile perioden. Denne har vore hovudpensum også i dei tidlegare kursa. I tillegg vart det gjort ein del revisjon av det gamle pensumet, som ikkje var like relevant lenger, og særleg vart det enorme kompendiumet kraftig redusert, og delvis erstatta av ei innføringsbok i norsk historie, kultur og samfunn, og delvis i digitalt tilgjengelege artiklar (Scandinavian Journal of History). Mitt inntrykk er at dei fleste var fornøgde med grunnboka i historie, sjølv om prisen som Studia skulle ha var uakseptabel (900 kroner for eit opptrykk). Heldigvis finst den digitalt tilgjengeleg på Nasjonalbiblioteket. I spørsmålet om pensum i evalueringa vart denne boka trekt fram av alle dei fire som svarte på dette. En påpekte at kompendiet ikkje var særleg relevant for oppgåvene som vedkomande skreiv. Andre studentar har igjen i større grad nytta seg av kompendiumet i sine oppgåver.

Det har også blitt uttrykt av nokre studentar at sjølve kulturdelen i emnetittelen ikkje vart så godt dekka i emnet, og her forventa dei det gjaldt også ei meir generell innføring i norsk kultur, med besøk til kunstmuseum og liknande. Men emnebeskrivelsen er klar på kva kurset inneheld, sjølv om tittelen kanskje kan bli misforstått.

Kommentarar til evt. tilbakemelding frå studentar, evaluering eller eksamensresultat:

Studentane fekk høve til å evaluere emnet via Mi Side, og det kom inn 9 svar, kor av 8 studentar fullførte. Svarprosenten blant studentane var på 39 prosent, noko som ikkje er særleg høgt.

Tilbakemeldingane er i hovudsak positive og ikkje veldig varierte, som det har blitt referert til ovanfor, og både storleik på pensum (sjølv om berre 2 av 9 har lese meir enn 75 prosent), tal på forelesningar og arbeidsmengd har vore passeleg, og studentane meiner at dei har hatt stort fagleg utbytte av emnet. Eksamensresultata speglar også dette. Eg er fornøgd med resultatet og det viser at dei aller fleste studentane har lagt ned eit godt arbeid i emnet og vist interesse for dette.

Tiltak du vil vurdere for å forbedre undervisningen neste gang det undervises:

Sidan dette var første gong eg har vore borti noko form for undervisning i det heile tatt så er det klart at det er rom for å utvikle meg som forelesar og seminarleiar, og det har vore ei veldig nyttig erfaring for meg. Studentane har elles ikkje kome med store motforestillingar mot nokon av forelesarane, så det har fungert godt. Unntaket er ein student som har nemnt at det av og til var litt overlapping og repetisjon frå ulike forelesarar, men utan at det gjorde noko særleg.

Undervisningsfasilitetar:

Undervisningsrommet som vi fekk tildelt dette kurset (Auditorium P på Sydneshaugen skole) fungerte godt, det var god plass og det tekniske utstyret fungerte godt. Unntaket er første forelesninga i kurset, som eg skulle halde. Då eg møtte opp klokka åtte om morgonen var det fleire handverkarar i rommet og jobba med oppussing. Dette hadde ikkje eg fått vite noko om, men eg måtte berre finne nye rom fort. Etter å ha blitt kasta ut av to auditorium som følgje av andre som kom og skulle ha undervisning, fann vi til slutt eit ledig rom. Eg meldte ifrå til dei rette ansvarlege.